

Prosjektskisse for doktorgradsprosjektet ”Mellom barken og veden - Ei komparativ undersøking av tre norske politikammer”

Bakgrunn

27. januar 2012 ba statsminister Stoltenberg offisielt om orsaking for den norske rolla i Holocaust. I talen sa han mellom anna at ”Uten å frata nazistene ansvaret, er det tid for å se at politifolk og andre nordmenn deltok i arrestasjoner og deportasjoner av jøder.”¹ Utsegna reflekterer nok at ein i norsk samanheng lenge konsentrerte seg om det som Odd-Bjørn Fure i 1999 kalla dei ”nasjonalt minneverdige forhold” – spesielt motstandsrørsla og kampen mot NS.² Frå slutten av 90-talet og fram til i dag har dette endra seg, og ein har fått stadig større fokus på dei meir komplekse og mindre ”nasjonalt minneverdige” sidene ved den norske okkupasjonshistoria, som mellom anna deportasjonen av dei norske jødane³, samt lagnaden til tyskarjentene⁴ og NS-barna.⁵ Stoltenbergs orsaking kan vurderast som ein kulminasjon av denne utviklinga.

Men endå står det ein del igjen. HL-senterets nye prosjekt ”Demokratiets institusjoner i møte med en nazistisk okkupasjonsmakt: Norge i et komparativt perspektiv” skal ta for seg tre norske etatar som alle vart utsett for forsøk på nazifisering under krigen, men som handterte dette på ulikt vis. Skulesektoren, statsadministrasjonen og politiet er kvar på sitt vis berebjelkar i det demokratiske samfunnet, og vart difor nær opplagte mål for tyske og norske nazistars forsøk på å omforma det norske samfunnet. Men i tråd med tendensen til å fokusera på dei meir spektakulære og påfallande utsлага av okkupasjonen, som NS og motstandsrørsla, har dei fått relativt lite merksemd i forhold til kor viktig dei faktisk var, og deira posisjon som aktørar i klem mellom det nasjonalsosialistiske okkupasjonsregimet og den norske befolkninga. Det var folk i statsadministrasjonen og politiet som ofte måtte setta i verk og handheva nazistisk politikk frå tysk eller NS-hald, men i kraft av dette hadde dei òg potensiell makt til å verne utsette grupper frå nazistiske overgrep. Dei som arbeidde her måtte dermed forholde seg til moralske overvegingar som folk på utanfor systemet i langt større grad var skåna for.

Stoltenbergs påpeiking av politets rolle illustrerer kvifor meir kunnskap er påkrevd. Norske politifolk arresterte jødar. Men kva for politifolk? Kva motivasjon hadde dei? Var det vanlege norske politifolk eller overtydde nazistar? Og kor mange var villige til å vera med på slike aksjonar? Kven hadde vilje, høve og ønske om å sleppa unna, og korleis gjekk dei fram? Slike spørsmål forsvinn i sekkeomgrepet ”politifolk”, og prosjektets mål er å utforska denne mangslungne kategorien nøyare, for gjennom det å få tak på politiets komplekse situasjon under krigen.

¹ Stoltenberg, Jens: *Tale ved minnemarkeringen på Holocaustdagen, 27.1.2012*
http://www.regjeringen.no/nb/dep/smk/aktuelt/taler_og_artikler/statsministeren/statsminister_jens_stoltenberg/2012/minnemarkerings-pa-holocaustdagen.html?id=670621

² Fure, Odd-Bjørn: ”Norsk okkupasjonshistorie. Konsensus, berøringsangst og tabuisering” i Stein Ugelvik Larsen (red.): *I krigens kjølvann*, Universitetsforlaget, Oslo, 1999

³ Dette var spesielt ein konsekvens av restitusjonsoppgjerset som resulterte mellom anna i opprettinga av HL-senteret. Men viktig her var og Bjarte Bruland si hovudfagsoppgåve frå 1995, som systematisk analyserte deportasjonen, Espen Søbye sin biografi om Käthe Lasnik, og Jan Erik Volds utgjeving av Ruth Maiers dagbok.

⁴ Sjå t.d. Aarnes, Helle: *Tyskerjentene - Historiene vi aldri ble fortalt*, Gyldendal, Oslo, 2009

⁵ Sjå her Borge, Baard H.: *De kalte oss naziyngel*. Oslo, Samlaget, 2002 og Eggen, Eystein: *Gutten fra Gimle: et NS-barns beretning*. Oslo, Aschehoug, 1993. Viktig var òg statsminister Bondeviks orsaking for den overlasta denne gruppa har lidd.

Teori

Statsvitar Ernst Fraenkels tese om *doppelstaten* dannar prosjektets grunnleggande utgangspunkt for å forstå politiets funksjon og rolle under nazismen.⁶ Fraenkel hevda at den nazistiske staten grovt kunne inndelast i to sfærer – *normstaten* og *vilkårlegheitsstaten*. Doppelstaten heng saman med den fundamentale endringa av fiendebiletet og rettstryggleik som kjenneteikna nazismen. Den nazistiske juristen Reinhard Höhn oppsummerte det slik: ”Eit anna prinsipp, prinsippet om fellesskapet, har no erstatta det individualistiske prinsipp. Den juridiske staten er ikkje lenger utgangspunktet for konstitusjonell lov – folkefellesskapet er det nye fundamentet.”⁷ Staten, erklærte Hitler i *Mein Kampf*, var av sekundær viktigkeit: ”Målet for menneskas eksistens er ikkje bevaringa av staten eller regjeringa, men oppretthaldinga av arten.”⁸ Avvising av staten og individet som dei primære einingane hadde radikale konsekvensar. Politiet og rettsvesenet skulle no primært slost mot folkefiendar, ikkje statsfiendar. Dei som skulle vernast var ikkje statsborgarar, men *Volksgenossen*. Den nazistiske avvisinga av individet som det primære rettssubjektet innebar at tiltak som gjekk ut over einskildpersonar – òg innanfor folkefellesskapet – var fullt ut akseptable dersom dei vart vurderte til å vera naudsynte for å verna om folkefellesskapets grunnleggande interesser. I pakt med Carl Schmitts⁹ tanke om det politiske som eit skille mellom ven og fiende, danna det seg ein praksis med to ulike rettsrom. Det eine, normstaten, gjaldt for *Volksgenossen*. Det andre, vilkårsstaten, for folkefellesskapets fiendar. Konsekvensane av denne skillelinja blir oppsummert av Ernst Fraenkel: ”Innanfor felleskapet gjeld fred, orden og rettferd. Utanfor felleskapet gjeld makt, kamp og øydelegging.”¹⁰ Normstaten var kjenneteikna av eit politi- og rettsapparat som ikkje var så ulikt det ein fann i ikkje-nazistiske statar, basert på definerte reglar og normer. Mord vart etterforska og eigedomstvistar avgjorde. Men innanfor vilkårlegheitsstaten gjaldt det ingen reglar utanom det føraren til ei kvar tid tillèt.

Vilkårlegheitsstatens verktøykasse inkluderte vilkårleg arrestasjon, tortur, drap og folkemord. Desse to aspekta ved den nazistiske staten eksisterte side ved side, og er truleg viktig for å forklara kvifor så store delar av det tyske samfunnet aksepterte det nazistiske regimet. Dersom ein var ein germansk ”upolitisk borgar” kunne ein i utgangspunktet leva relativt trygt. Men terrorapparatet lurte i bakgrunnen, og den som gjekk utanfor den smale sti, ein sti som stadig vart omdefinert av det nazistiske leiarskapet, opplevde fort at det slo til.

Kven som vart definerte som medlemmar av folkefellesskapet var primært eit biologisk spørsmål. Folk plasserte i visse biologisk-metafysiske kategoriar vart *a priori* vurdert som fiendar av folkefellesskapet. Først og fremst gjaldt dette jødar, slavarar og romfolk, men òg medlemmar av germanske folk kunne vurderast som biologiske fiendar av folkefellesskapet – dei såkalla ”asosiale”, som i kraft av därleg arvemateriale var vurdert som unyttige eller skadelege. Ut frå ei slik forståing var det ikkje lenger naudsynt å venta på handfaste handlingar før politiet kunne til. Tvert i mot vart det til eit poeng å slå til mot og sjalta ut desse evige, objektive fiendane før dei kunne gjera meir skade, og å sørga for at deira skadelege genmateriale ikkje vart vidareført. I tillegg til slike biologiske fiendar hadde folkefellesskapet òg fiendar som var ”politisk forblinda” – som mellom andre kommunistar,

⁶ Fraenkel, Ernst: *The Dual State*, Oxford University Press, 2006 [1941]

⁷ Wildt, Michael: ”The Political Order of the Volksgemeinschaft” i Zimmermann, Moshe (red.): *On Germany and Jews under the Nazi Regime*, 2006

⁸ Hitler, Adolf: *Mein Kampf*, Houghton Mifflin, Boston 1943, s. 96

⁹ Schmitt, Carl: *Begrepet om det politiske*, Vidarforlaget, Oslo, 2007

¹⁰ Sitert i Wildt, Michael: *Volksgemeinschaft als Selbstermächtigung*, Hamburger Edition, 2007, s. 369

frimurarar, sosialdemokratar og religjøse i opposisjon til regimet. Men desse var ikkje ”arveleg sjuke”, og kunne dermed ”reddast” gjennom omskulering, som oftast i konsentrasjonsleir.

Det er gode argument for hevda at denne modellen er overførbar til Noreg. Som germanarar vart etniske nordmenn plasserte innanfor det germanske folkefellesskapet, og nordmenn som støtta regimet vart inkluderte i normstatens domene. Innanfor SS var det ei klar oppfatning av at berre ein fekk fjerna jødisk tankegods så kom nordmenn til å innsjå at nazismen var den einaste ideologien som var i pakt med den germanske ”rasesjela”. Som i Tyskland eksisterte det folk i Noreg som vart definert ut av folkefellesskapet. For å kjempa mot desse vart vilkårlegheitsstaten sine prinsipp og institusjonar òg introdusert her til lands. Det vart sett i gang ein sterk offensiv for å omforma norsk politi etter tysk modell organisatorisk, personellmessig og mentalt. Fleire tiltak illustrerer dette; mellom dei var inndelinga i ordenspoliti, kriminalpoliti og statspoliti etter eksplisitt tysk modell, innføringa av ei militarisert og politisert politiutdanning på Kongsvinger og verving av politifolk til frontteneste på austfronten, kor dei kunne tileigna seg det naudsynte hatet mot ”jødebolsjevismen” og den hardheita den nye tid kravde. Eit notat frå statspolitisjef Karl Marthinsen til sine menn i august 1942 illustrerer at i det minste han hadde fullt ut internalisert vilkårsstatens prinsipp: ”Vi trenger ingen lovbestemmelser for å gripe inn mot samfundets fiender. Vår oppgave – alltid å overvåke statens sikkerhet – gir oss ikke bare rett, men også plikt å gripe inn når vi anser det nødvendig uansett om de enkelte lovparagrafer passer eller ikke.”¹¹

Vurderinga av i kor stor grad norsk politi kom til å internalisera denne nazistiske oppfatninga av politiets rolle er prosjektets éine hovudpilár. Den andre er utforsking av kollaborasjonens konkrete manifestasjonar. Over heile det okkuperte Europa vart dei som arbeidde i sentrale samfunnsbærande institusjonar konfrontert med daglege dilemma; på den eine sida hadde dei tyske okkupantane legale rettar etter Haag-konvensjonen, og millionar av medborgarar var avhengige av at samfunnsfunksjonane haldt fram med å fungera. Men denne innsatsen var òg til uvurderleg hjelp for ein stadig meir brutal okkupant, som samstundes heile tida skjerpa krava ovanfor sine samarbeidspartnarar. Berre gjennom å operera med differensierte definisjonar av omgrepene ”motstand” og ”kollaborasjon” kan ein skildra det finmaska nettet av relasjonar som eksisterte mellom offentlege institusjonar, befolkning og nazistiske institusjonar, og oppretthalda skillet mellom handlingane i seg sjølv og motivasjonen bak dei. Under arbeidet med det overordna prosjektet prøvde arbeidsgruppa å konkretisera og konseptualisera omgrepene. Kollaborasjon kunne strekka seg frå *frivillig kollaborasjon*, som innebar at ein ut frå eiga overtyding eller håp om eiga vinning gjekk inn for å gjennomføra okkupasjonsregimet sin politikk, via *pragmatisk kollaborasjon*, prinsippet om det minste vondet, kor ein rettferdiggjer eiga deltaking og eigne uønskte handlingar med at alternativet tross alt er verre, til *tvungen kollaborasjon* basert på rå makt, der den som kollarerer i siste instans har valet mellom samarbeid og personleg liding. I kontrast, men ofte betinga av kollaborasjon finn ein *motstand*, her definert som handlingar som aktivt søker å forhindra realiseringa av motstandaren sine planar. Motstanden tok igjen fleire former – passiv eller aktiv *civil motstand* utan våpen, og *militær motstand* med våpen. Det sentrale spørsmålet er her kvifor folk enda kor dei gjorde på denne skalaen, og interaksjonen mellom kollaborasjon og motstand. Kva makropolitiske, institusjonelle og psykologiske faktorar spelte inn?

¹¹ Sitert i Veum, Eirik: *Nådeløse nordmenn – Statspolitiet*, Kagge forlag, Oslo, 2012, s.46

Problemstillingar og metode

Prosjektets hovudproblemstilling er å analysera i kor stor grad det norske politiet bevegde seg frå sin førkrigsmodell basert på rettsstatlege grenser og prinsipp, til å bli ein lydig reiskap for dei nye nazistiske makthaverane, og kva mekanismar som bidrog til eller motverka denne utviklinga. Norsk politi sto under dobbelt press: det måtte på den eine sida forholda seg til eit aktivt nazifiseringsforsøk, samstundes som det hadde ei oppgåve som gjorde samarbeid med okkupanten til del av jobbdefinisjonen. Dette kunne føra til at sjølv den mest motstandsinnstilte politimann kunne, og måtte, gå nazistane sitt ærend i stort og smått, og dermed kunne etaten bli ”nazifisert” utan at medlemmane vart overtydde nazistar. Men den same posisjonen ga òg politifolk mogelegheit til å driva langt viktigare motstandsarbeid enn dei fleste andre. Måtane var mange: Utskriving av falske pass, informasjonslekkasjar, sabotasje av etterforskingar, hjelp til fangar og mykje anna. Fleire politifolk enda opp med å spela eit dobbeltpel som ofte involverte å bli handhevarar av folkerettsstridig nazistisk politikk, for så i neste instans å redda nordmenn frå fengsel, død eller tortur. Politifolk fiendtleg innstilt til okkupasjonsregimet vart dermed konstant konfrontert med eit spørsmål: Kor langt kan eg gå, før hjelpa eg gjev okkupanten veg tyngre enn arbeidet som motarbeider han?¹²

Kor stor motstandskraft fanst det i gamle statsinstitusjonar og gamle politifolk? Politimester Kristian Welhaven i Oslo forsvarte ovanfor Administrasjonsrådet at politiet allereie i mai 1940 hadde konfiskert jødane sine radioapparat – lenge før ein kan snakka om ei personellmessig nazifisering av etaten. Reichskommissar Terboven rapporterte til Hitler at samarbeidet med norsk politi i 1940 hadde gått ”knirkefritt”.¹³ Dette kan gje indikasjonar på at denne motstandskrafta var svak i politiet. Den høge andelen NS-medlemmar kan tyda i same lei. 42 % av politifolka i teneste ved krigsutbrotet meldte seg inn i NS – langt meir enn i nokon annan etat.¹⁴ Seinare i krigen arresterte norsk politi lærarar, motstandfolk og jødar. Konfrontert med slike kjensgjerningar må ein stilla seg eit par sentrale spørsmål. Kven utførte arrestasjonane, kven var pådrivarar og leiarar? Finst det spor av vegring eller sabotasje frå politihald? Finn ein systematisk at nazistar blir bruk til ”politiske” oppgåver i staden for andre? Og korleis var rollefordelinga mellom det ”nazistiske” statspolitiet og dei andre, ”ordinære” delane av politiet? Og kva tok tysk politi seg av?

Tre politikammer skal undersøkast: Ålesund, Stavanger og Lillehammer, plukka ut basert på variablar som geografi, NS-medlemsskap og kjent motstandsaktivitet. Eg vil ta utgangspunkt i prominente døme på nazistisk politikk som det vart politiets oppgåve å gjennomföra eller handheva, supplert med døme i grenseland, kor det var vanskelegare å vurdera om utgjorde ei motstandshandling. Dette så samanliknast med situasjonen ved dei to andre politikamma – var det skilnader, eller finn ein same mønster? Analysar av openbart politiske aksjonar må deretter kontrasterast med rapportar om motstandsarbeid ved kamerra, for å unngå å presentera eit vindskeivt bilet av livet som norsk politimann under krigen. Det kan nemleg plausibelt at norsk politi ”betalte” for å kunna hjelpe den norske befolkninga med å delta i politisk suspekte aksjonar, for å vinna tillit og halda på posisjonar. Dette gjeld spesielt for motstandfolk i det politiske og nazifiserte Statspolitiet, som både måtte delta i dei verste aksjonane og var i posisjon til å driva kritisk viktig motstandsarbeid. Eg vil difor gå gjennom

¹² Sjå her t.d. Ola Fritzner, som rett etter krigen vart arrestert for landssvik, men etter kvart i stor grad reinvaska på grunn av motstandsarbeid. Han måtte likevel kjempe hardt for gjenvinna sitt gode rykte, og vene av Fritzner såg seg nøydde til å gje ut forsvarsskriftet *Ola Fritzner: en norsk kapteins kamp før og etter frigjøringen i 1949*.

¹³ Emberland, Terje og Matthew Kott: *Himmlers Norge*, Aschehoug, Oslo, 2012, s. 169

¹⁴ Ringdal, Nils Johan: *Mellan barken og veden*, Aschehoug, 1987

kjent motstandsaktivitet ved kammera og vurdera om folk som dreiv motstandsarbeid klarte å unngå å delta i openbart politisk problematiske politiaksjonar. Naturleg nok vil ein ikkje her kunna laga ei systematisk ”sjekkliste” over aksjonar på same måte som aksjonar pålagt av sentrale politimyndigheiter. Endeleg må dette settast i eit relief av dei store mengdene relativt trivielle og upolitiske saker politiet handterte i krig som i fred, for å få ein indikasjon på balansen mellom ”politiske” og ”upolitiske” oppgåver for den jamne politimann. Vidare er det naudsnyt å sjå på kammera i eit lengdeperspektiv. Kva for personendringar fann stad, og korleis endra dette miljøet og handlingsmönsteret på kammeret? Vart det eit skarpt skilje mellom NS-folk og andre? Kva skjedde då det kom folk frå den nye politiutdanninga på Kongsvinger? Eller då fleire Waffen-SS-frivillige – med og utan politibakgrunn, og ofte brutaliserte av erfaringane på austfronten – blei slusa inn i politiet? Ut frå dette håpar eg å kunna presentera eit nyansert bilet av røynda for politifolka på dei analyserte kammera, og kva konsekvensar politiets handlingsmönster fekk for dei som kom i kontakt med politiet.

Til sist skal prosjektet samanlikna dei vunne innsiktene frå Noreg med forsking gjort på tilhøva i Nederland.¹⁵ Dette av tre grunnar: Først for å gå ut over den tradisjonelle nasjonale ramma norsk forsking på okkupasjonen har operert innanfor, ei ramme som i mange tilfelle har gjort ein blind for kor mykje av utviklinga i Noreg som var resultat av større tyske initiativ og modellar. Ein ser t.d. liknande framstøyt når det gjeld nazifisering av politiet i begge land. Dernest egnar Nederland seg spesielt godt for samanlikning fordi majoritetsbefolkinga i begge land vart vurdert som germansk, og fordi det har eit svært samanliknbart okkupasjonsregime med Noreg – med eit viktig unntak. Det nederlandske nazistpartiet NSB fekk aldri den statsbærande rolla NS fekk i Noreg, noko som tillèt meg å analysera om dette hadde innverknad på utviklinga innan politiet. Til sist gjer ein komparasjon det lettare å vurdera om ein står ovanfor spesifikt norske forhold i politiet, eller om andre politistyrkar som vart utsett for tilsvarande press responderte på same måte.

Metodologisk står ein ovanfor ei rekke utfordringar, primært knytt til kjeldesituasjonen. Sjølv om det er mykje materiale bevart etter politiet under krigen, er det ikkje alt som er eigna til å svara på prosjektet sine problemstillingar. Mykje av motstandsarbeidet i politiet var ”taust” – det gjekk ut på å ikkje rapportera noko, å vera ”dårleg politimann”. Slikt vil vera vanskeleg å lesa ut av vaktjournalar, etterforskningsrapportar og andre skriftlege kjelder, som berre dokumenterer konkrete handlingar, og då potensielt i sjølvsensurert utgåve. Det same problemet dukkar opp når det gjeld haldningar internt i politiet til nazismen, jødar og andre grupper. Supplerande vitneutsegner, anten frå landssvikssaker eller gitt til andre i etterkant av krigen, må, spesielt i eit så ømtålig emne som dette, også vurderast svært kritisk. Ei gruppe som politiet, som etter krigen hadde eit frynsete rykte hos publikum, ville ha sterke incentiv til å pynta på røynda i etterkant. Politikjelder må her kor mogeleg vurderast opp mot andre kjelder.

Forskinsstatus

Grunnlaget for å hevda at det trengst meir forsking på politiet under krigen er det spinkle forskningsgrunnlaget ein per i dag har. Samstundes har det dikotome fokuset nemnt i innleiinga ført til størst interesse for motstandsrørsla sine primære fiendar; Statspolitiet, og på tysk side, Gestapo.

¹⁵ Sjå her t.d. Fijnaut, Cyrille: *A History of the Dutch Police*, Boom, 2008 og Meershoek, Guus: *Dienaren van het gezag: de Amsterdamse politie tijdens de bezetting*, Van Gennep, 1999. For SS' planar for Nederland, sjå in 't Veld, N.K.C.A.: *De SS en Nederland. Documenten uit de SS-Archieven 1935-45*, s-Gravenhage, Nijhoff, 1976.

Hovudverket om politiet under krigen er Nils Johan Ringdals *Mellom barken og veden*.¹⁶ Boka har mange viktige og relevante opplysingar, men er prega av manglende systematikk og blir ikkje vurdert å vera eit standardverk.¹⁷ Resten av litteraturen om det norske politiet er meir enkeltståande verk. Eit avgjerande nytt verk er Terje Emberland og Matthew Kotts *Himmlers Norge*, som presenterer SS' planar for Noreg og politiet.¹⁸ Journalist Eirik Veums oversikt over det norske Statspolitiet er, tross manglar, eit godt utgangspunkt for vidare undersøkingar.¹⁹ Nemnast her må Bernt Roughtvedts biografi om politiminister Jonas Lie.²⁰ Meir overflatisk er Berit Nøklebys biografi om Karl Marthinsen, som like fullt inneholder verdifulle enkeltopplysingar.²¹ Per Ole Johansens bok om bakgrunnen for og utviklinga av Statspolitiet må og takast med,²² saman med artikkelen hans om rettsoppgjøret med Statspolitiet etter krigen.²³ Ein artikkel som må framhevast er Tore Prysers systematiske gjennomgang av arrestasjonane av jødar i innlandsregionen.²⁴ I tillegg til desse finst det ei rekke lokale og eldre bøker og artiklar, som sporadisk kan bidra med interessant informasjon.

Om det tyske politiet kan ein nemna Tore Prysers verk om *Sicherheitsdienst og Abwehr* i Noreg,²⁵ Berit Nøklebys verk om Gestapo²⁶ og Robert Bohns bok om *Reichskommissariat* (RK), som og drøftar RK sine maktmiddel.²⁷ Om Orpo og *Feldgendarmeries* oppgåver i Noreg veit ein lite.

Internasjonalt er det fleire verk som har direkte relevans for prosjektet, fordi dei tek opp generelle kjenneteikn ved politiet under nazismen og SS-ifiseringa av det tyske politiet. Fremst her står Michael Wildts bok *Generation des Unbedingten*, som analyserer vilkårlegheitsstatens sekretariat, RSHA.²⁸ Patrick Wagners bok om det tyske kriminalpolitiet viser i kor stor grad òg det tyske Kripo vart nazifisert og sto bak forfølging av asosiale og romfolk.²⁹ Verka om Orpo har primært fokusert på rolla deira på austfronten,³⁰ men nokre tek for seg Orpo breiare.³¹

For å samanlikna Noreg med situasjonen i Nederland kjem ein ikkje unna verka til N.K.C.A. in't Veld³² og Gerhard Hirschfeld.³³

¹⁶ Ringdal, Nils Johan: *Mellom barken og veden*, Aschehoug, 1987

¹⁷ Moland, Arnfinn: *Hva er motstand?* Foredrag 24. januar 2012 på HL-senteret

¹⁸ Emberland, Terje og Matthew Kott: *Himmlers Norge*, Aschehoug, Oslo, 2012

¹⁹ Veum, Eirik: *Nådeløse nordmenn – Statspolitiet*, Kagge forlag, Oslo, 2012

²⁰ Roughtvedt, Bernt: *Med penn og pistol*, Cappelen Damm, 2010

²¹ Nøkleby, Berit: *Politisjef og hirdsjef Karl A. Marthinsen*, Aschehoug, Oslo, 2010

²² Johansen, Per Ole: "Samfunnets pansrede neve": *statspoliti og ekstraordinær overvåkning 1918-1941*, Gyldendal, 1989

²³ Johansen, Per Ole: "Rettssoppgjøret med statspolitiet" i Johansen, Per Ole (red.): *På siden av rettsoppgjøret*, Unipub, 2006

²⁴ Pryser, Tore: "Holocaust i innlandsregionen" i Johansen, Per Ole (red.): *På siden av rettsoppgjøret*, Unipub, 2006

²⁵ Pryser, Tore: *Hitlers hemmelige agenter: tysk etterretning i Norge 1939-1945*, Universitetsforlaget, 2001

²⁶ Nøkleby, Berit: *Gestapo: Tysk politi i Norge 1940-1945*, Aschehoug, 2003

²⁷ Bohn, Robert: *Reichskommissariat Norwegen*, Oldenbourg Wissenschaftsverlag, 2000

²⁸ Wildt, Michael: *Generation des Unbedingten*, Hamburger Edition, 2003

²⁹ Wagner, Patrick: *Hitlers Kriminalisten. Die deutsche Kriminalpolizei und der Nationalsozialismus zwischen 1920 und 1960*, Beck'sche Reihe, München, 2002

³⁰ Sjå her t.d. Browning, Christopher: *Ordinary Men: Reserve Police Battalion 101 and the Final Solution in Poland*.

HarperCollins, New York, 1992, Curilla, Wolfgang: *Die deutsche Ordnungspolizei und der Holocaust im Baltikum und in Weißrussland 1941 – 1944*, Schöning, Paderborn, 2006, Curilla, Wolfgang: *Der Judenmord in Polen und die deutsche Ordnungspolizei 1939 – 1945*, Schöning, Paderborn, 2011

³¹ Westermann, Edward B.: *Hitler's Police Battalions – Enforcing Racial War in the East*, University Press of Kansas, 2005

³² in 't Veld, N.K.C.A.: *De SS en Nederland. Documenten uit SS-Archieven 1935-45*, s-Gravenhage, Nijhoff, 1976.

³³ Hirschfeld, Gerhard: *Fremdherrschaft und Kollaboration. Die Niederlande unter deutscher Besatzung*, Oldenbourg Verlag, Stuttgart, 1984

Kjelder

Det eksisterer gode arkiv etter dei tre politikammera som skal undersøkast – Lillehammer, Ålesund og Stavanger – i omsynsvis riksarkiva på Hamar, i Trondheim og Stavanger. Desse vil vera hovudkjeldene, og ein må rekna med lengreopphold her for å gå gjennom materialet skikkeleg. Nils Johan Ringdal har òg intervjua politimenn frå Stavanger og Ålesund, som kan brukast som utgangspunkt for vidare søk. Ringdal har etterleite seg eit større grunnmateriale enn det som fekk plass i boka, som fortener å bli vurdert på nytt, mellom anna private memoarar frå politifolk. Vidare er lokale politeforeiningar potensielt interessante kjelder, både for å få kontakt med gamle politifolk, men også for å få tilgang til nytt materiale. Politifolk har og vore tidsvitne for ungdom som reiser til konsentrationsleirar, og har i den samanhengen etterleite seg krigsrelatert materiale.³⁴ Landssvikssaker til dømde politimenn frå dei tre kammera kan også gje nyttig informasjon. Arkivet etter politidepartementet i Riksarkivet har også ei rekke relevante kjelder, både sentrale pålegg, handsaming av saker ved kammera og rapportering frå kammera til departementet. Det er også eit klart mål å tenka utanfor den tradisjonelle nasjonale ramma norsk forsking på okkupasjonshistoria ofte har operert innanfor, og trekka spesielt på tyske og nederlandske kjelder for å vurdera i kor stor grad utviklingstrekk i Noreg er spesifikt norske eller pålegg frå sentralt tysk hald.

Litteraturliste

- Aarnes, Helle: *Tyskerjentene - Historiene vi aldri ble fortalt*, Gyldendal, Oslo, 2009
- Berentzen, Aksel: *Ola Fritzner: en norsk kapteins kamp før og etter frigjøringen*, Arne Gimnes Forlag, Oslo, 1949
- Bohn, Robert: *Reichskommissariat Norwegen*, Oldenbourg Wissenschaftsverlag, 2000
- Borge, Baard H.: *De kalte oss naziyngel*. Oslo, Samlaget, 2002
- Browning, Christopher: *Ordinary Men: Reserve Police Battalion 101 and the Final Solution in Poland*. HarperCollins, New York, 1992
- Bruland, Bjarte: *Forsøket på å tilintetgjøre de norske jødene*, hovedoppgåve i historie, UiB, 1995
- Curilla, Wolfgang: *Die deutsche Ordnungspolizei und der Holocaust im Baltikum und in Weißrußland 1941 – 1944*, Schöning, Paderborn, 2006
- Curilla, Wolfgang: *Der Judenmord in Polen und die deutsche Ordnungspolizei 1939 – 1945*, Schöning, Paderborn, 2011
- Eggen, Eystein: *Gutten fra Gimle: et NS-barns beretning*. Oslo, Aschehoug, 1993
- Emberland, Terje og Matthew Kott: *Himmlers Norge*, Aschehoug, Oslo, 2012
- Fijnaut, Cyrille: *A History of the Dutch Police*, Boom, 2008
- Fjælberg, Odd: ”Jeg hadde ikke gjort noe galt - men havnet i Stutthof”
http://www.aktive-fredsreiser.no/administrasjon/tidsvitner/tidsvitne_fjelberg.htm
- Fraenkel, Ernst: *The Dual State*, Oxford University Press, 2006 [1941]
- Fure, Odd-Bjørn: ”Norsk okkupasjonshistorie. Konsensus, berøringsangst og tabuisering” i Stein Ugelvik Larsen (red.): *I krigens kjølvann*, Universitetsforlaget, Oslo, 1999
- Hirschfeld, Gerhard: *Fremdherrschaft und Kollaboration. Die Niederlande unter deutscher Besatzung*, Oldenbourg Verlag, Stuttgart, 1984
- Hitler, Adolf: *Mein Kampf*, Houghton Mifflin, Boston 1943, s. 96

³⁴ T.d. Odd Fjælberg: *Jeg hadde ikke gjort noe galt - men havnet i Stutthof*
http://www.aktive-fredsreiser.no/administrasjon/tidsvitner/tidsvitne_fjelberg.htm

- in 't Veld, N.K.C.A.: *De SS en Nederland. Documenten uit SS-Archieven 1935-45*, s-Gravenhage, Nijhoff, 1976
- Johansen, Per Ole: "Samfunnets pansrede neve" : statspoliti og ekstraordinær overvåkning 1918-1941, Gyldendal, 1989
- Johansen, Per Ole: "Rettssoppgjøret med statspolitiet" i Johansen, Per Ole (red.): *På siden av rettsoppgjøret*, Unipub, 2006
- Meershoek, Guus: *Dienaren van het gezag: de Amsterdamse politie tijdens de bezetting*, Van Gennep, 1999
- Moland, Arnfinn: *Hva er motstand?* Foredrag 24. januar 2012 på HL-senteret
- Nøkleby, Berit: *Politisjef og hirdsjef Karl A. Marthinsen*, Aschehoug, Oslo, 2010
- Nøkleby, Berit: *Gestapo: Tysk politi i Norge 1940-1945*, Aschehoug, 2003
- Pryser, Tore: "Holocaust i innlandsregionen" i Johansen, Per Ole (red.): *På siden av rettsoppgjøret*, Unipub, 2006
- Pryser, Tore: *Hitlers hemmelige agenter: tysk etterretning i Norge 1939-1945*, Universitetsforlaget, 2001
- Ringdal, Nils Johan: *Mellom barken og veden*, Aschehoug, 1987
- Roughvedt, Bernt: *Med penn og pistol*, Cappelen Damm, 2010
- Schmitt, Carl: *Begrepet om det politiske*, Vidarforlaget, Oslo, 2007
- Stoltenberg, Jens: *Tale ved minnemarkeringen på Holocaustdagen, 27.1.2012*
http://www.regjeringen.no/nb/dep/smk/aktuelt/taler_og_artikler/statsministeren/statsminister_jens_stoltenberg/2012/minnemarkering-pa-holocaustdagen.html?id=670621
- Søbye, Espen: *Kathe, alltid vært i Norge*, Oktober, Oslo, 2003
- Veum, Eirik: *Nådeløse nordmenn – Statspolitiet*, Kagge forlag, Oslo, 2012
- Vold, Jan Erik (red.): *Ruth Maiers dagbok*, Gyldendal, Oslo, 2007
- Wagner, Patrick: *Hitlers Kriminalisten. Die deutsche Kriminalpolizei und der Nationalsozialismus zwischen 1920 und 1960*, Beck'sche Reihe, München, 2002
- Westermann, Edward B.: *Hitler's Police Battalions – Enforcing Racial War in the East*, University Press of Kansas, 2005
- Wildt, Michael: *Generation des Unbedingten*, Hamburger Edition, 2003
- Wildt, Michael: "The Political Order of the Volksgemeinschaft" i Zimmermann, Moshe (red.): *On Germany and Jews under the Nazi Regime*, 2006
- Wildt, Michael: *Volksgemeinschaft als Selbstermächtigung*, Hamburger Edition, 2007